

Merknader om framtidsforskning

Kritikk av ein kritikk

I) *Ein statistisk determinisme*

Dag Østerberg trekker heilt rett fram at fundamentet for framtidens forskinga er forutsetninga om ein slags historisk determinisme, og han gir også ei tolking av dette omgrepet: «Innen læren om vitenskapen tolkes determinismebegrepet ofte slik at framtiden er en gjen-takelse av fortiden».

Alle lovane i den klassiske fysikken bygg på dette prinsippet, som seier at under identiske forsøkstilhøve vil vi få identiske resultat.

Dersom vi var i stand til å reproduksere verda i 1939 med identiske tilhøve, ville vi utan tvil få sjå den andre verdskrigen om igjen, men vi skjørnar og at det ikkje skulle mykje til før alt kunne gått onnorleis — t.d. eit strategisk plassert bananskal, så Hitler sklei og fekk hjerneskaking med komplikasjonar osv.? Så lenge ein heilt og fullt er herre over eksperimentet, er det ingen urimelig induksjon å anta at to identiske forsøk vil gi identiske resultat. No er det svært, svært sjeldan — om det i det heile lar seg gjere — at ein klarer å stette dette kravet. Til usikrare ein er på tilhøva under eksperimentet, til usikrare blir resultatet.

I motsetning til det eintydige determinismeomgrepet Østerberg opererer med, vil eg stille opp noko eg kan kalle eit statistisk determinisme-omgrep.

Ei av forutsetningane for eit slik begrep er at dei variable vi ikkje har kontroll over i forsøket, ikkje har noko systematisk innvirkning på resultatet. Dvs. at resultatet like godt kan avvike til den eine sida som til den andre.

I slike tilfelle kan vi oftast konkludera med at: «I P % av alle forsøk vil vi få fylgjande resultat:».

[$0 < P < 100$, dersom $P = 100$ får vi samme tilfellet som det Østerberg brukar.]

II) «*Historiens overskridende preg*»

«Studiet av historien viser oss hvordan samfunnslivet har vært en utvikling gjennom forandring».

Fins det ei utvikling som ikkje implisitt ber bod om ei forandring?

«.... overskridelse består nettopp i denne forandringsgens fremskritt av noe nytt». Så vidt eg kan sjå er vi her ved hovedinnvendinga mot at framtidens forskning i det heile er mogleg.

Historia vitnar om at det stendig har dukka opp nye variable (institusjonar, situasjonar etc.) som ikkje eksisterte før. Og Østerbergs påstand er at det ikkje lar seg gjere å forutseie noko om desse.

Eg reiser tvil om denne påstanden.

Omkring år 1500 var det nok ikkje mogeleg å forutseie Luther.

Derimot — forutsatt gitt tilstrekkeleg informasjon — ville det ikkje vere vanskeleg å spå ein konflikt mellom Pavekyrkja og den aukande kunnskapen utanfor kyrkjans kontroll (t.d. i forbindelse med feil i bibeloversetjingane).

Ein måtte då vente at anten kom ein reformasjon eller ei fordøming av kunnskapen. Mest sannsynleg måtte det andre alternativet synast, når ein tar omsyn til den rigide oppbygginga av systemet.

Eit anna punkt: Med den aukande rikdom og makt hos dei verdslege fyrstehusa ville det heller ikkje vere vanskeleg å spå ein konflikt mellom Pavekyrkja og dei nasjonale (regionale) maktfaktorane.

Det ville då nesten vere naturleg å koble desse to konfliktane saman. Begge verka til å rokke ved balan-

sen i det eksisterende samfunnet, og dei vart saman så sterke at ein ny variabel måtte innførast for å opprette balansen på nytt. Resultatet vart altså den gongen ei *nasjonal* kyrkje som like mykje var reiskap for eit nasjonalt maktkrav som eit idealt brot med pavekyrkja.

Det eg vil fram til er at framtidsforskning må vere det same som forskning for å kome fram til utsagn om slike nye variable. Sett i samband med det statistiske determinisme-omgrepet eg definerte i første avsnitt, må vi tenkje oss at om vi var i stand til å gjenta «historiens løp» uendeleig mange gonger, ville utsagna vi kjem med som resultat av forskninga vere rett i P % av alle forsøk.

Ei forutsetning for å kunne gjere dette er at dei nye variable oppstår som fylgje av ein nødvendig historisk prosess.

Er det derimot slik at «overskridelsen» i historisk perspektiv er planlagt, og kjem som resultat av eit enkelt menneskes eller gruppens medvetne handlinger, og på tvers av det som «låg i lufta», er slike utsagn som dei eg har skissert både uinteressante og hensiktslause.

Eg får inntrykk av at Dag Østerberg meiner det er mogleg å realisere ein bestemt ide på tvers av alle «trends».

I siste instans endar vi altså (som Luther og Erasmus) i spørsmålet om viljens fridom. I prinsippet trur jeg på den individuelle viljen som fullstendig fri. Men kan eit einskild menneske realisere ein ide på tvers av alle andre menneske? Eller kan ein tillegge ei gruppe som er stor nok til å gjennomføre ein ide, fri vilje i tydinga evne til å gjennomføre rasjonelt gjennomtenkte gjerningar. Og i tilfelle — ville ikkje ei slik gruppe nett bli eksponent for det vi kallar «trends» og dermed reiskapar for ein historisk nødvendig prosess?

Svaret mitt blir eit tillitsvotum til ein slags historisk determinisme.

Ikkje den slags som Østerberg illustrerer, men til ein litt meir difus og kanskje tilsynelatende suspekt prosess,

som ikkje er mindre lovlydyg om den fylgjer statistikkens lover.

III) Framtidsforskning og politikk

Det er noko som blir kalla sjølvoppfyllande profetiar. Dagens samfunnsplanlegging vil eg kalle for det.

Når ein spår at ein aukande del av folket vil ta artium — og så satsar alle krefter på at fleire og fleire skal ta artium, kan det vere fruktbart å spekulere ei stund over kva som er årsak og kva som er virkning. Har spådommen forsterka tendensen? Når vi så freistar å sjå litt lengre inn i framtida, vil ikkje det også verka til å framelska nett spådommen? Det forekjem meg sannsynleg.

Og sidan mesteparten av menneska synest å ha ein viss motvilje mot fullstendig ukjente og uprøvde samfunnsmekanismer, er det sannsynleg at dei spådommane som er ikledd den mest velkjente terminologien vil bli foretrekt.

Derfor inneholder påstanden om at framtidsforskninga vil verka til å bevare den samfunnsstrukturen som eksisterer, ein kjerne av sanning.

Eg kan likevel ikkje godta Østerbergs framstilling som noko prov for dette. Det Østerberg syner, er at slik han tolkar Galtungss påstander, finn han ikkje at vesentlege faktorar har endra seg frå det samfunnssystemet han kjenner i dag og følgeleg må han forkaste det han finn.

Dette hindrar imidlertid ikkje at det finst andre og like mogelege tolkingar som slett ikkje er så uakseptable.

Det kan godt vere slik at mykje av velstanden vår i dag et knytt til ei einsidig utbytting av Afrika, Asia og Sør-Amerika.

Det er likevel ikkje vanskeleg å tenkje seg ein situasjon — sjølv innanfor vårt noverande samfunnssystem — der «utbyttinga» vil vere gjensidig, og velstanden

faktisk vil vere om lag den same for alle — endå til høgare enn den er i dag. At prosessen fram til ein slik tilstand vil verte vanskeleg og sikkert må medføre ein midlertidig nedgang i levestandarden vår, synest sannsynleg, men er i grunnen irrelevant. Spørsmålet er om vårt noverande samfunnssystem er i stand til å ta vare på dei andre verdiane i menneskelivet — dei verdiane som ikkje kan målast i krone og øre eller med vekt og metermål.

Eg finn ikkje dagens samfunn i stand til dette.

Menneska er ikkje så like at alle trivast i same båsen. Her skal altså det pluralistiske samfunnssystemet vere eitt mogeleg svar. Dersom det er slik at Østerberg forkastar dette ut frå tanken om at i eit slikt samfunn vil alle samfunnsformer vere likestilt — og derfor likeverdige — må eg seie meg fundamentalt ueinig med han. Eg — og tydelegvis Østerberg og — finn ikkje alle samfunnssystem likeverdige. Men kven kan seie at vi har det same preferansesystemet — kanskje ville eg foretrekke å bu i eit diktatur? Korleis kan ein vite så skråsikkert at det ein sjølv meiner er best, verkeleg vil vere det beste for alle?

Poenget med «turismen som livsstil i vidaste forstand» må vere at absolutt alle får sjansen til å reise og slå seg ned andre stader — også dei som eventuelt ville bu i eit diktatur. At diktatura då forhåpentlig ville gå ein rask død i møte, er ei anna sak.

Kanskje er eit slikt samfunnssystem liberalt, men då er liberalismen tolka så venleg at alle skulle kunne akseptere det. Liberalismen er ikkje eit så presist omgrep at alt som blir stempla som liberalism treng vere av det vonde.

IV) Sluttmerknad

Visseleg er det alvorlege politiske spørsmål som reiser seg i tilknytning til ei vitskapeleg forutseiing av framtida.

Ei vellukka forskning vil gjera ideologiane overflødig — så ein kan forstå at ein på politisk grunnlag fordommer framtidsforskinga. Men sidan politiske ideologiar nødvendigvis må vere ein vesentlig del av forskningsmodellen, vil ein få den paradoksale situasjonen at i same grad som forskninga blir vellukka, vil den gjere seg sjølv om inkje. Vel og merke dersom resultata blir offentleg tilgjengelege. Skal forskninga derfor ha nokon hensikt, må den vere hemmeleg.

Den som forvaltar desse kunnskapane om framtida får derfor ei skremmande makt både for bruk og misbruk av dei. Så kven skal forvalte kunnskapen?